

Kåseri.

Eg kom desverre til å love å halde eit kåseri, og det var nemnt å fortelje om skulen i eldre tider. I framandordboka står det at kåseri eller kåsere er å halde eit lett og leikande foredrag utan djupare innhald. Det som eg har å seie blir sikkert så lett at det ikkje heng på vikta ein gong, for det blir gjerne ^{det} sagt når ein veg noko retteleg lett som vikta nesten ikkje reagerar over. Truleg veit dei fleste frå før det som eg kjem til å nemne.

Frå andre halvdel av 1600 talet har det i Sogn livt ei slekt Parelius, og som det ikkje kan provast er ^{at} norske slektsgreiner. I Eivindvik danna denne slekt eit reint klokkar dynasti, i det som etter far var klokkarar gjennom 4 generasjonar frå 1699 og utover. Biskop Johan Nordal Brun nemner i si dagbok frå ei visitasreise 1794 at klokkar Parelius i Eivindvik si sangstemme var som "en Dommedags Basun". Den 13. juli 1808 skriv han etter ein visitas i Eivindvik kyrkje mellom anna: "Parelius sang som asenet i Fabelen, da det ville skremme de andre dyr."

Ja på Hellebø ~~ved~~ det ein Christoffer Parelius. Han var fødd i Eivindvik 1801, og i 1820 vart han, (berre 19 år gamall) klokkar i Lavik etter sin onkel Thomas Aårestrup, Parelius hadde stillinga til 1876. Han hadde gjennomgått Vekselsundervisningen - skole i Bergen, 1834 tilsett som lærar på Furehaug i Lavik. Han ^{var} og postopnar og ekspeditør, den første for fylkesbåtane som ~~xxxx~~ stoppa for båt ute ved Hellebø ein stad som endå i dag kallast for Borvikehamaren. Han var ein gjestfri og venesel mann, som framleis lever på folkemunne i Lavik. Han var gift med Brita Jansdotter Lavik, av foreldre Hans Rognaldesen Lavik, og Bodil Andersdotter Bosdal. Han hadde 3 døtre, og det er hermt etter han når Framnes fløytt om natta, så ropte han på alle 3 døtrene: "Lette Berte Tine kor er buksene mine." Han var ^yoså halden for mirakeldokter, og det var mange som søkte hjelp hjå han for svullar og liknande. Kor han var som lærar veit eg ikkje, men truleg stod han på høgde med si tid. Ein dag skuledirektøren kom på vitjing var han sers uheldig

Han tok det gjerne ikkje alltid så nøye med skuletida. Borna fekk gjerne gå mykje på sjølvstyr. Så ein dag kom skuledirektøren på vitjing. Skuleborna gjekk ute og sprang, men læraren var ikkje til stades. Han hadde teke ein båt, og låg ute ved eit skjær og fiska. Skuledirektøren gjekk då ned på berget og vinka at han skulle kome på land, men karen i båten tok ikkje omsyn til det og heldt fram med fiskinga. " Det er skoledirektøren" sa mannen på land. Då kan det hende det vart fart i han i båten og. Han ropa ut: " Å Jesses bevare meg dao." Korleis det vidare gjekk med skuledirektøren og han veit eg ikkje, med truleg fekk han seg ei skrape. Berta Hellebø som fylte 95 år no om fredag er dottedotte til Cherkristoffer Parelius som døydde 1871. Kven som var ettermannen til Parelius i skulestova er eg ikkje viss om. Truleg var det ein som heitte Erdal. Det var og ein som var kalla for Skulerasmussen, men eg trur helst han skulde på dalen. Han har ei stor slekt etter seg. Så blei det då Mathias Ellingsen. Han var og innflyttar frå Gulen. Hadde gått seminarie, og fortalde ofte at han hadde fått en i historie, og det var vel rett, for han hadde

eit svert godt minne. Eit døme på det var at han visste kor gamle folk var i heile bygda. Mine eldre syskin hadde han til lærar. Det må seiast at han var ein original i mange høve. Han kunne såleis i skuletimane kome inn på heilt private ting som galdt hans eigen persom. Ein gong skrytte han av at han vore den strammaste og penaste ungar i heile Gulen. Då var det ein jentunge i klassen som var så mannskapeleg og sa " at då har det ikkje vore mange stramme ungarar i Gulen.. Det var no gjerne så som så med desiplinen. Ein gong han hadde vore ute frå skulestova ei tid, nytta ein av gutane høve til å hoppa opp på bjelken , det var sperrestove, og då Mattisen kom inn att sakna han guten." nei hvor er blitt av gutten" han la ikkje merke til karen som sat på bjelken, og la på dør på leiting, og etla seg sjølv sagt å ta guten i nakken. Nei, det var ingen gut å finne ute, og då Mattisen kom innatt var karen komen på plass att, og kor guten hadde halde til i mellomtida var ei gåte for læraren. Ellingsen var lærar i Lavik til 1899, då Kvale frå Sogndal tok

over skulearbeidet. Eg byrja i skulen det året, eg hadde sett mine beste dagar, som han sa guten han kom heim frå første skuledagen, Det høvde seg slik at eg fekk min første skuledag hjå Mattisen, for Kvæle rakk ikkje å kome til den tid skulen skulle ta til, og gamlelæraren måtte skule i 6 dagar.

Eg minnest at det tok lang tid med protokollen som det skulle merkast av i om alle borna var komne, og i reknetimen vart eg gløymd, og sidekameraten måtte hjelpe meg slik eg fekk mi oppgåve eg, ^{og} nokre tal på ei tavle som skulle leggjast saman. Eg minnest og at eg fekk tilsnakk første dagen avdi eg ikkje sat roleg nok på pulten. Då Mattisen slutta som lærar bygde han seg hus på Furehaug, same huset som Sigurd Asheim no har. Me skuleungane hadde moro av å fare med prettestykke med saker og ting som høyrde gamlelæraren til, så me fekk ei skjennepreik av han av og til ~~av~~ han, og det hadde han sikkert god grunn til. 1899 var eit serhende i skulesoga
 Lavik
 for. Først blei det ein ny ung og sers dugande lærar tilsett, og nye lærebøker på landsmål. Desse bøkene

vart ikkje godt mottekne i mange heimar, avdi dei ikkje var på riksmål. Eg minnest fleire foreldre som forsikra, ^{at} ~~eller~~ det skulle ikkje skjå at desse bøkene ~~ikkje~~ skulle kome i deira hus. Det vart no til det likevel, motstanden mot dei nye lærebøkene stilna av litt om senn. Det er i grunnen merkeleg kor dugande og sjølvhjelpne dei eldre kunne bli som berre hadde hatt ein kort og dårleg barneskule, framhaldskule var visst ikkje vanleg heller i gamletida. Når ein les i gamle møtebøker, er det heilt fantastisk kor fin handskrift det var, og kor fint setningane var forma, og det av folk med slik barneskule som nemnt.

Det blei stort omskifte i skulestova når Kvale tok til. Eg var heldig som fekk ha same læraren i heile barneskulen. Ein høyrer gjerne sagt no og ^{at} den og hinn er ein makelaus flink lærar, han har godt lag med borna og dei likar læraren sin. Nett det same kan også seiast om Kvale og. Sidan eg nemnde makelaus lærar, skal eg ^{menne} ~~fortelje~~

Kva gamle lærar Vamråk fortalde i eit foredrag han heldt på Sogndal Folkehøskule i 1910. I ein av krinsane i Kyrkjebø hadde dei fått ny lærar, og kjerringane diskuterte denne karen, og dei vart samde om at det var ein makelaus lærar for han åt graut og sild som eit anna menneskje. Å ja de må ikkje tru de får nokon lærar no til dags å ete graut og sild. Så attende til Furehaugen. Det var framleis same gamle skulestova, og lærar-bustaden var heller ikkje rar, og ikkje var det veg korkje innanfrå eller utanfrå. Det var i grunnen merkeleg at Kvale trotta der heile si arbeidstid, men han likte folket her og delte både glede og sorg slik det kunne falle ^{og slik og såleis} grodde heilt fast her. Det var ingen skikkeleg leikeplass på Furehaug, men me hadde mykje moro i fritida likevel, og Kvale var mykje med oss å leika, og det tykte ^{me} var kjekt. Det var kortare ^{gjefis} då enn no. Lavik skulekrins gjekk frå Bekken til Kvamsstranda, og Rå skulekrins omfata Ringereide Rå, og dei hadde same læraren som Lavik, og det vart då nokre viker

fri. Detå var ikkje så mange fag i skulen før. Bibelsoga, kakisma og forklaring hadde vel breiaste plassen i undervisninga. Rekning og lesing var og dagleg på timeplanen.

Det var merkeleg med Kvale, han trøyttna ikkje, men var alltid like ihuga i sitt arbeid, og det kunne ikkje merkast at alderen tok på han. Han la også stort arbeid ned i ungdomslaget, og hjelp-te til når det var spørsmål etter pengar. Kona hans må heller ikkje gløymast. Ho tok også del med ei hjelpande hand både i ungdomslaget og i skulen.

Skal ein samanlikna skuleborna slik dei var for 60 år sidan og borna i dag, så er det ikkje liten skilnad. Borna i dag er meir vaksne og frimodige, og har betre mannskap, og kvir seg ikkje med å opptre på ei fest eller liknande. Før i tida var dei meir blyge og stillfarande. Kom det framande til gards, hadde borna hug å gøyme seg. Eg hugsar sjølv at eg gøynde meg i fjøset når det kom framande til oss. Eg keik ut gjennom glaset og

torde ikkje ut før dei var reiste.

Borna gløynde gjerne ikkje å helse på dei vaksne. Eg torer seie at i så måte var dei flinkare enn no.

På Kvammen budde det ein obertsløytnant Fasting, og han var streng når det galt helsing. Nei, hua måtte av, og me gutungane måtte ikkje gå med hendene i bukselomma. Me såg det slik at dette galdt berre når Fasting var i nærleiken. Her i Lavik budde ikkje lite kondisjonerte i den tida, dette ordet høver elles dårleg no, og når ein møtte nokon av desse, måtte sjølvsagt hua av. Eg trur eg må fortelje ei lita hending i høve dette frå eg var smågut. Jau, ein dag fekk eg i oppdrag å passe nokre killingar. Men eg sette som vilkår at eg ville ha med meg spikeflesk og flatbrød, for det var eg veldig glad i. Vilkåret mitt vart godteke av mor, og for at eg skulle ha hendene frie, blei flesket og flatbrødet innpakka i papir, og dette plassert i hua på hovudet. Dette ordna seg fint, men då eg kom opp

i vegen, møtte eg ei frøken frå prestegarden. Ho venta sjølv sagt at eg helste, så no var eg ikkje vel ute. Hua kunne ikkje lettast på, for der låg flesket. Det var såleis ikkje noko val, og ville greiste kome meg forbi utan å helse, men det var ikkje frøkna nøgd med. " Nå, Tomas vil du ikkje ta hua av for meg i dag" og tok utan vidare hua av meg, og flesket datt i vegen. Situasjonen var like pinleg for oss båe.

Det er rart kor somme ting som har hendt ein , medan ein var liten, kan feste seg i minnet. Ja, mangt og mykje har vorte annleis frå eg var smågut og til no.

Me har nå fått ein fin og godt utbygd skule i Lavik. Og eg vil vone me får behalde han slik.